

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 46/2003

Møtedato: 10.9.03

Arkiv nr:

ATTGROING – UTVISING AV VED

Fjellstyret hadde i vinter drøftingar med ulike interesser med tanke på å gjera noko med at fjellområda gror att. På møtet i vår vart det lovt at ein som eit forsøksprosjekt skulle vise ut gratis ved rundt Vaset. Etter det ein er kjend med vart dette avgrensa til hogst av gran i eit område på Vaset nord for Panoramavegen. For å få eit betre grunnlag for å vurdere slike tiltak, meiner fjellstyret at ein bør utvide forsøksprosjektet til også å omfatte bjørk i eit avgrensa område.

Allmenningstyret og Statskog bør vurdere pris generelt som verkemiddel. Pris på sjølvhogst er i dag like dyrt som å kjøp ferdig tilkjørt slip av furu eller gran. Interessa for hogst i allmenningen kan bli redusert om prisen blir for høg. Resultatet er at vi får meir attgroing.

VEDTAK:

Fjellstyret ber allmenningstyret og Statskog vurdere å utvide forsøksprosjektet til også å omfatte bjørk. I tillegg bør ein sjå nærare på pris som verkemiddel for å redusere problemet med attgroing.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 23.9.03.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Vestre Slidre allmenningstyre v/Per Olav Svenskerud
Elisabeth Mellbye